



Thorleif Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2795 - 15/20067

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 55/17 Paradisvegen.

Administrativt vedtak. Saknr: 399/2015

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 23.10.2015, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på eigedomen gbnr 55/17 på Skjelanger. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverk via privat stikkledning frå kommunal kum og derfrå vidare med eigen leidning fram til bustaden.

Det ligg føre erklæring som gjev eigedomen løyve til å kopla seg til privat stikkledning og erklæring med løyve til å leggja leidning over privat grunn, jf motteke situasjonskart.

Eigedomen har i dag godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar. Kommunen er kjend med at eigedomen allereie er tilknytt.

Vurdering:

Administrasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Ansvarsrett:

Det er søkt om følgjande ansvarsrett:

Føretak:	Godkjenningsområde:
Stendal VVS AS Org.nr. 980 626 180 Sentral godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, overordna ansvar for prosjektering (tkl 1) UTF, overordna ansvar for utføring (tkl 1)

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 55/17 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad dagsett 23.10.2015 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling 55-17

Kopi til:

Nils Inge Skjelanger

Paradisvegen 7 5917

ROSSLAND

Mottakere:

Thorleif Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND